

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggeleg blad gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 6

Desember 1966

2. årgang

VÅRT BØNELIV II.

Av Gudmund Hjorthaug

Nyttar det å be?

Dette spørsmålet melder seg ofte for den som prøver å be for seg sjølv og andre. Ofte såg det ut som om Gud ikkje høyrd eller svara på bønene våre. Me ba om timeleg hjelp, — om ting som me tykte var både gagnlege og nødvendige — men svaret kom ikkje. Me bad om vekking og frelse for sjeler som låg oss på hjarta. Bad om siger over synd og eit meir heilagt liv, om vekking over bygda og kristenflokk vår. Men åra gjekk og det såg helst ut for å gå den motsette vegen med alt saman. Og så kom tvilen: Nyttar det å halda på å be? Gud høyrer då ikkje likevel! I så fall ikkje når eg ber. Eg kan visst like godt slutta. Og mange bøneoppgåver ligg ufullførde etter oss på livsvegen,

Kva skal me så gjera når me synest å ikkje få svar? — Me må gå til *Ordet* for der å høyra kva Gud segjer om bøn og bønhøyring. Det første me vil finna her er at det fins bøner som Gud ikkje kan svara på. Bøner som ikkje er bøn etter Guds meinings av ordet. Derfor segjer ordet: «De ber og får ikkje fordi de bed ille». (Johs. 2, 3) Der er bøner som er hindra for di dei kjem frå hjarto som ikkje vil utlevera syndene

sine: (Esa. 1, 15 — 5 9, 1—3). — hjarto som har svik i si ånd (Salme 32). Der er også bøner som Gud ikkje reknar med, fordi dei kjem frå eigenrettferdige hjarto, borne fram i ei treldoms ånd. Slik var det med Paulus heile tida før han møtte Jesus utanfor Damaskus (Ap.gj. 9, 11) og slik er det med mange som trur dei er kristne og trur at dei bed til Gud også i dag. Ja, ein slik avveg ligg også nær for ein levande kristen.

Då blir bønegåva ein lovgjerning for oss — noko me må gjera fordi me er kristne og må lyda Gud. Då ventar me svar fordi me ber mykje og inderleg, og ser ikkje at Gud åleine svarar dei som ber i Jesu namn og for Jesu forteneste si skuld. Her treng me prøva bøna vår. Det er ikkje bønene som har ei veldig makt, og heller ikkje ligg maktta i dei folda hender — men den ligg i Jesu namn og gjerning. Som dei elektriske leidningane er verdlause om dei ikkje er i kontakt med kraftstasjonen, såleis er og våre bøner verdlause om dei ikkje ved ei levande tru er knytt til Jesus og hans fullførde frelsesverk. Men i trua på Jesu namn er bøn og bønesvar å segja utan grenser (Matt. 17, 20).

..

Det andre me vil finna i ordet til hjelp når tvilen set inn, det er alle dei løfte om å høyra og svara som Gud har gitt oss. Berre her i Luk. 11 er fleire slike løfte, og ellest mange andre stader: «Den som ber han får». «Alt de ber om i mitt namn skal de få». «Alt det to eller tre av dykk vert einige om å be om, det skal de få», — og mange fleire slike. Der me om og omatt les, høyrer og talar med Gud om desse løftene, og der me ser attende til dei mange gongene Gud svara på bønnene — der vil det veksa fram tru og tillit til han som gav løftene og som er den samme i går og i dag. — «Løftene kan ikke svigte, nei de står evigt fast. Jesus hvert ord har beseglet den gang hans hjerte brast».

Ja, får me nåde til å trengja inn i det ordet talar om bøn og bønhøyring

og dette ordet får lov å verta verande i oss, då vil me finna etterkvart at me har bønesvara først og fremst i det Gud har sagt og det Gud er i seg sjølv (1 Johs. 5, 14—15). Gud er trufast, og det han har sagt og lova står like fast som Gud sjølv (Esa. 54, 10). Og som Gud har lagt bøna ned i hjarto våre, så har han og svaret på bøna ferdig i sitt hjarta alt før me har bedt. Kan hen da det ser litt onnorleis ut enn me tenkte oss, og kjem seinare enn me tenkte. Men det er ferdig i Guds hjarta, og fordi han er visdomen og kjælleiken så er og svaret me har i forvar der, det beste og rikaste me kan få. Ingen ting gir så rike frukter for tid og æva, som det å leva i tru på Jesus, og det å be og venta i tru på han. Prøv meg, seier Herren! Lukke til!

SIMON OG ANNA

(Luk. 2, 25—38)

Av Olava Bjørkavåg

Det er merkelig å lese om disse to gamle i vår bibel. De var begge to mektige kristne uten popularitet. Jeg har ofte tenkt: Det skal bli underlig å møte disse to i Himmelen en gang.

Vi menige kristne som lever på jorden idag — har meget å lære av disse to, dyp lærdom. De var årvåkne kristne med stor åndsbedømmelse. De grunnet på Herrens profetier i dyp stillhet for Guds åsyn, og så lot de seg lede av Guds ånd. Dersom de skriftlærde hadde gjort det samme, ville de sett at Jesus var Mesias Guds sønn, men deres hovmod stod i veien for Guds ånds ledelse. Simon og Anna var på sin vakt-post dag og natt, de var for Herrens

åsyn og gjorde det som Guds ånd minnet dem om. Trods alle vrangre lærdomsformer som og var på den tid,, holdt de seg årvåkne. Se hvor herligt det står om Simon: Drevet av Anden gikk han denne dag opp i templet og lot seg lede hen til Jesubarnet, og profeterer i det han tok barnet i sine armer. Hvor troesstyrkende det måtte være for Maria og Josef i den store oppgave de hadde fått. — Og Maria skulle fra dette møte forberedes på, at sverdet ville gjennomtrenge hennes morshjerte senere en gang.

I vår tid er det mange falske lærdomsformer. Derfor gjelder det og for oss ikke mindre at vi står på vår vakt-

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord

*S. Botnens Boktrykkeri, Stord*Red. : Amund Lid, Norheimsund
Eksp. : Margr. Skumsnes, Kårevik
Stord Postgiro : 42887, StordBladet blir sendt gratis til alle
som sender eksp. namn og adr.
Blir halde oppe med frivilj. gaver*Norsk Luthersk Lekmannsmisj.* :Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, Stord. Tlf. 69Kass.: Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213Bankgiro : Vikøy Sparebank
Norheimsund 10093/955

post og lever så nær Gud at vi har den same åndsbedømmelse som Simon og Anna hadde.

Vi som har opplevet gjenførelsens store under må være våkne over at det går en stor prosent i våre forsamlinger, som ikke eier det sanne Gudsliv. Her er det som skiller venneklokene, *gjenfødt eller ugjenfødt*.

De religiøse og ugjenfødte mener også å ha rett bedømmelse. og kommer så i indre strid med de som har det rett i sitt gudsforhold. Beretningen om de fem dårlige jomfruer forteller det. De mente også å være beredt til brudgommen kom. Feilen med dem var der fra først av: De var ikke gjenfødt, og manglet da Guds ånd som en får i gjenførelsen.

I vår tid har budskapet om gjenførelse så lett for å komme bort. Får ikke Gud vise en sin fortapte stilling, så kan jo ikke gjenførelsens under skje med et menneske. Det er sant som generalsekr. Ballestad engang sa på et høstmøte: «Det gjelder det samme for elleveåringen som for femogsyttiåringen.» Jesus sa: «Menneskesønnen er

kommet for å frelse det som er fortapt. Uten at en blir født påny kan en ikke se Guds rike». — Her er klare ord: «Likesom Moses opphhøyet slangen i ørkenen, således skal menneskesønnen opphøytes for, at hver den som tror på Ham skal ha evigt liv». Det er synet på Jesus ved Guds ånd som tenner evigt liv. De gamle kristne var svært våkne på dette punkt. De spurte som oftest vakte sjeler: «Er lyset gått opp for deg, eller har Gud fått tent liv i deg?»

Her er det så alvorlige punkt i yngresarbeidet, at det virkelig må tennes liv i de unge.

En bør tale slik at de kommer i synsdenød og ser seg fortapt i seg selv, og så få se seg frelst i Jesus alene.

Ole Rørstad fortalte: «Pastor Bjørk holdt en gang noen bibeltimer i Ålesund om opdragelseskristendom eller opplevelseskristendom. Han sa: «Først må barnet fødes, derefter oppdrages. En kan ikke oppdra sjeler til frelsesopplevelse. Gjenførelsen er et Guds verk ved den Hellige Ånd».

I vår tid tales så meget om at gjenførelsen skjer i dåpen, og der tales om dåpsnåde. — Hvor står det i vår bibel? Nei, i bibelen er skrevet bare om Guds nåde i Kristus.

C. H. Spurgeon skrev om sin frelsesopplevelse som femtenåring: «Jeg blev selv nedslått av en forferdelig skyldfølelse, som gjorde livet elendig for meg. Men da hørte jeg budskapet: «Vend eder til meg og bli frelst alle jordens ender, for jeg er Gud og ingen annen». Jeg så, og i et øyeblikk blev jeg rettferdigjort av tro. Jesus Kristus gjort til synd for meg, var det jeg så, og dette syn gav meg hvile. Den Hellige And som gjorde meg i stand til å tro, gav meg fred ved troen på Jesus Kristus.»

Misjonær Osnes fortalte: «Jeg var bare tretten år da Gud kalte meg og viste meg min fortapte stilling, og gjenførelsens under skjedde med meg.»

«Da fikk jeg se det blod på korsets randt, og lækedom for sjælesmerten fant.» I gjenførelsen får en Guds ånd, og åndens samfunn kan bare være mellom gjenfødte mennesker. En skal ikke være for snar til å ordinere noen inn i arbeidet i Guds rike. Religiøsitet

uten liv er en stor fare i vår tid. Får satan sjelene inn i et falskt håp, så er det det verste som kan skje med et menneske. Her må vi kristne vere på vakt, og her gjelder det å ha rett åndsbetømmelse, og være på vakt mot det falske.

Det er så mange falske åndsmakter og lærdomsformer, som vi må vokte oss for i denne siste tid.

Troen og vissheten

Av Olav Valen-Sendstad.

Det er Guds bestemte vilje at vor tro, om den enn fra begynnelsen kan være aldri så svak, dog skal bli en fullviss og frimodig tro. Det finnes mange slags tro: en lengtende, en søkerende, en ropende, en hungrende, en gråtende, en sukkende tro. Vi finner mange eksempler på det, særlig i de fire evangelier. Og er det så sant tro, så er den og til irelse. For det som gjør troen til tro, det er ikke dens styrke og intensitet, men at den har dette i seg at den fortviler over alt sitt eget og vender seg til Jesus som sitt eneste håp. Hvor det er blitt sannhet i hjertet at Jesus er eneste utvei, det eneste håp, der er den frelsende ro. (Mt. 8, 2 og Luk 7, 37 flg)

En slik tro er nemlig aldri kommet i stand ved et menenskes egen vilje og forstand, men det er den Hellige Ånds gjerning. Den Hellige And fører jo stadig ordet om Jesus i vår vei, beretningene om ham, vidnesbyrdet om ham, ryktene om ham. I lange tider må her den Hellige And nøye seg med å se at sjelen liksom ikke tar imot annet av det som sies om Jesus enn alt som an-

går Jesu *forbilledlighet*. Men idet han aldri lar hjerte være i fred for talen om Jesus, virker han og gjennem dette forbillede at hjertets selvtro og selvtillit brytes ned. Og når den begynner å briste i oss, da kan han få komme til å skaffe seg øre for Jesus som *stedfortreder og frelser*. Så er vel den frelsende tro rent menneskelig sett noe for oss ytterst ydmykende, og levner oss ingen ære eller verdighet, da den alltid blir til når det brister for oss. Og dog er denne troens fullkomne uverdighet ikke noe Gud ser på. For han frelser oss ikke for troens verdighets eller kvalitets skyld. Han frelser for Jesu skyld. Og det underlige er at når alt brister for oss, så vi ydmykes til ingenting å ha for Gud, uten Jesus som vårt håp, da ligger der i troen ikke bare noe som viser vår uverdighet, men tillike noe der viser Jesu ære og verdighet og hellighet: Jesus får sin ære og høyhet nettopp derigjennem at han må få bli en frelser for aldeles uverdige. Men nettopp slik er det Gud vil ha det: at vi skal bli støv, og Jesus bli Gud og

Herre og frelser. Og fordi troen har dette, derfor frelser Gud den som tror, frelser ham ikke for troens skyld, men for Jesu skyld. Frelser ham på tross av egen synd og uverdighet, på grunn av Jesu verdighet.

Skal imidlertid denne tro bli et lykkelig og frimodig kristenliv, så må den bli viss: viss på for Jesu skyld å høre Herren til, vis på sin nädestand. Og denne visshet gir Gud, idet han gir troen klart og bestemt svar gjennem sitt ord på denne henvendelse til Jesus. Derfor vrangler også evangeliene av eksempler på hvordan Jesus svarte på troens henvendelse. Og det gjorde han alltid slik at hjertet fikk høre Jesus, høre Ordet si et «du»: *Du er min — dine synder er deg forlatt — i dag skal du vere med meg i paradis — din tro har frelst deg.*

Og straks hjertet på denne måte gjennem Ordet hører seg tiltalt og omtalt med løfte, forsikring, tilslagn om nåde, så blir det forvisset, eftersom den Hellige And gjennem Ordet alltid bevidner for hjertet at Ordet er fullvisst, at Gud ikke kan lyve, at hjertet har lov og rett til å bygge på ordet. — Således kommer vissheten den dag i dag: spør du en forvisset sjel *hvorfor* han er viss i Ordet, så kan han ikke gi deg annet svar enn å si: Jeg vet to ting: jeg vet at det Ord hvormed Herren svarte meg, i alle deler passet til min nød og til mitt usigelige hjertebehov — og derfor gjorde meg helt tilfredsstillett og mettet i min Gud og hans frelse. Og jeg vet at det ved en sterk og usvikelig overtalelse i mitt hjerte var en visshet om at Ordet jeg hørte var sant. Noe annet bevis for Ordets sannhet kan jeg ikke gi. Men jeg er viss på at det er sant.

Nu er det så at allerede den svakeste tro i hjertet har det sanne kristensinn

i seg, et nytt sinn, en ny lyst og vilje, en ny forstand. Men før det er blitt visshet, er dette nye sinn liksom bare ubevisst og utfoldet tilstede, og derfor gjerne så svakt at en ikke ser det selv. Troen er jo ikke noe annet, sa vi, enn på nåde og unåde å vende seg til Jesus som til den eneste. Og dette er også å gi Herren alt en har, liksom det er å få alt av Herren. Men kristensinnet kan aldri, hvor stort og sterkt det blir, være noe annet enn å *gi Herren alt og å få alt.* — Når imidlertid Guds And gjennem Ordet gir visshet, da er det liksom dette kristensinn springer ut til bevissthet og utfoldelse, så en blir seg bevist å ha gitt og å gi Herren alt sitt, og å ha fått og å få alt til liv av Herren. David har sagt på en fin måte hvordan Herrens svar i Ordet med vissheten gir denne store frimodighet, lykke og bevisste kraft: «Den dag jeg ropte, svarte du meg, du gjorde meg frimodig, i min sjel kom det styrke» (Salme 138, 3).

Det finnes i Skriften et vidunderlig forbillede på hvordan den i Herren forvissede sjel kommer til bevissthet både om å få alt og om å ville gi Herren alt sitt. Vi vil si noen ord om det.

Vi leser Esa. 6, 1—10 at Essaias en dag i templet fornemmet Herrens hellige nærvær. Da ropte han: «Ve meg, jeg er fortapt» — slik som enhver snyder må rope, og fornemme, når han kjenner seg rykket inn under Guds hellige, gjennemskaende øye. Men i denne fortapte stilling fikk han se (merk: han gjorde intet selv) at en av serafene fløy hen til alteret, tok en gloende sten der, og berørte Essaias leber, idet han sa: «Se, denne har rørt ved dine leber, din missgjerning er tatt bort og din synd er sonet». — Altså: bare ved å høre Ordet om det Herren hadde gjort til hans frelse og til hans syn-

deres borttagelse, kom han til troens trøst og fulle visshet. Ved berøringen med alteret fikk han visshet om nådestand hos Gud — liksom også vi får denne visshet når den Hellige And bringer oss i berøring med Jesu alter, med korset som bar vår stedfortreder. — og straks etter dette se vi hvordan kristensinnet springer ut i sin blomst og blir fullt bevisst hos Esaias. Vi leser nemlig, at straks dette var skjedd, berøringen med alterilden, at Herren spør: «Hvem skal jeg sende, og hvem vil gå for oss?» Det var jo et veldig spørsmål, og noen hver kunde jo stusse overfor det, og spørre tilbake: «Ja, hva er det du vil ha gjort, Herre. Hvis du tror det er noe jeg kan gjøre, så skal jeg prøve. Men overstiger det mine evner, så er det best du finner en annen». — Men slik talte ikke Esaias. Han begynte ikke først å spørre *hva* Herren ville bruke ham til, men fremstillet seg straks for Herren, liksom med en «blankofullmakt» til Herren, og sa: «Herre, her er jeg — send meg.» Om han skulde gå inn til glade dager eller til trengsel og store vanskeligheter — det spurte han ikke om. «In blanco» satte han sit navn på en hvilken som helst oppgave det måtte behage Herren å gi ham. Herren sa også straks et ord om hvad han ville bruke ham til: nemlig til å forherde og forstokke Israel. I sannhet en redselsfull oppgave for et menneske! Det var jo ensbetydende med å gå inn i dager fulle av nød og sorg, ensomhet og fiendskap fra dem han selv ble sendt til, til trengsel og forfølgelse. Men han hadde alt satt sitt navn «in blanco» — og det var ingen vei tilbake.

Dette er et fint forbillede på det rette, ekte, fullvisse kristensinn. For når en kristen har fått den visshet at han i Jesus, ved alteret, er *dekket i alt*, da

vil han og gi Herren alt. Det hebraiske ord «din synd er sonet», kan jo også oversettes «du er dekket, skjult, gjemt». Og det er nettopp det som skjer i troen på Jesus: her er jeg arme syndeskyld og gjeld er dekket og betalt, straffen er utstått — og jeg er dekket og beskyttet mot enhver dom. For ved denne dekking er det skjedd alt det som skulde og måtte skje til min frelse. Her er jeg fullt og helt og uavkortet frelst til Gud uten en eneste gjerning, frelst for intet, uforskyldt, gratis, tvers igjennem uverdighet og æresløshet.

Hvor denne nåde går rett opp for hjertet, hvad det er å vere frelst for intet og aldeles ufortjent, der tennes det en ny brand i hjertet. Der ønsker en så vist ikke lenger å leve i synd. Der skapes en frivillig ånd, et fritt hjerte. Der blir det en hjertetrang å gi Gud sitt liv, og gi ham det *for intet*, uten å vente noen lønn. Hvordan skulle vel en kristen kunne vente noen lønn?

Han har jo fått den fulle og hele lønn på forhånd — uten å ha gjort noe selv for den. Vil han derfor gi Gud sitt liv, så må han enten gi ham det *for intet*, eller ikke gi det i det hele tatt. Og hvordan skulde en kristen kunne vente ære, ros, fordel, vinning og fortjeneste av sitt liv, og sin lydighet? I den dekning han har i Jesus ved troen, har han jo all ære, all ros, all fordel og velsignelse, all vinning og fortjeneste, all livsrett for intet han selv har gjort. Vil han da gi Gud sitt liv, så må han enten gi ham det *for intet*, uten å skjele etter ære, ros, vinning, fordel eller fortjeneste — eller også ikke gi Gud sitt liv i det hele tatt.

Dette er hele krisensinnets ubegriplige hemmelighet: Intet har jeg bragt med til verden — intet bringer jeg med ut av verden (1. Timot. 6, 7). Intet har jeg gjort til min frelse. For intet har jeg fått det alt — for intet er det meg og en hjertetrang å gi det alt til Herren (Mat. 10, 8).

Der er kristenlivets og det nye sinns «grunnkategori»: FOR INTET — GRATIS — VEDERLAGSFRITT.

Denne tanke er aldri kommet opp i kjød og blod. For det er umulig for det naturlige menneske å være en kristen på denne måte. Det naturlige menneske kan overhodet ikke tenke seg å være en kristen, uten at det må medføre visse timelige eller åndelige og evige *fordeler*, kan overhodet ikke tenke seg å leve et liv for Gud, uten at han skal få noe igjen for det, kan overhode ikke tenke på disse ting uten å skjele etter ære, ros, vinning, makt, lønn, utbytte, fortjeneste. Og det er nettopp trellsinnet bak all den fine og tilpyntede religiøsitet.

Så skjønner vi og hvordan *loven og evangeliet* hører helt og uavkortet sammen i en kristens liv: Ved evangeliet og troen på Jesus har en kristen den hele og fulle dekning for Gud ved sin stedfortreder, for at han kan være

Guds barn av bare nåde, uten noen *sin gjerning*. Og ved dette klenodium har han fått et nytt sinn hvori han tar seg den hele og fulle lov til hjertet, vil og jager etter det fullkomne, etter Jesu forbillede, forat han rett kan ligne Jesus — ikke som om han skulde bli frelst ved loven, nei, men for intet vil han gjøre alt, til takk og pris for den nåde ved hvilken han er frelst. *Fordi han i det elskede Jesu navn er viss på å eie barnekåret ved den fulle dekning som Jesus har gitt ham ved sin gjerning som stedfortreder, derfor er han full av vilje og lyst til å følge Jesus og gjøre alt det han gjorde som forbilled.*

Og dette er ikke lenger en religiøs deig av lov og evangelium, hvor en tar en amputert lov og rører sammen med et amputert evangelium, for således å finne en «gyllen middelveis» og gjøre Guds ord til intet ved å bryte spissen både av lov og evangelium. Her, og her alene har evangeliet fått alt hva det har, og her har også loven fått alt hvad den har. Nettopp derfor er dette *usvikelig sannhet*, så den som vil fuske her, han viser at han er uten opplysning av Guds Ånd, og ikke kjenner sannheten, om han er nokså religiøs.

Etter «Rettferdiggjort av Tro»

Reinsa i hjarto frå eit vondt samvit

Av Jakob Tråsdal

Eit vondt samvit, det er eit samvit som er vakna og vender seg mot syndaren med anklage. Det er enno ikkje reinsa ved Jesu blod, men lid og plagast av si synd og skuld. I Hebr. 9, 13—14 seier apostelen: «For dersom blodet av

bukkar og uksar og oska av ei kviga, når det blir skvett ut over dei ureine, helgar til reinleik på kjøtet, kor mykje meir skal då blodet av Kristus, som ved ei æveleg ånd bar seg sjølv fram som eit ulastande offer for Gud, reinsa

samvitet dykker frå døde gjerningar til å tena den levande Gud.

Dette uttrykket «døde gjerningar» står her for alt det som eit menneske tek seg fyre for ved det å vinna eit evigt liv. Lova har nått inn til samvitet med sine krav, og dei er årsak til at du er rastlaus og driv på for å oppfylla krava og bli slik at Gud kan synast om deg og ta i mot deg som sin. Du prøver snart den eine og snart den andre vegen, men alle slike gjerningar er døde og maktlause, før dei går ut frå dine eigne naturlege krefter. Dei er sette i verk av Guds heilage lov, og ikkje frå eit nytt liv sitt indre behov og frie vilje.

Slike sjeler kan meina det godt og sokjer ærlegt, men nett dette at dei sokjer, viser at dei ikkje har funne det dei sokjer. Det er årsaka til at *alt dei gjer med det for auga å vinna evig liv, det er døde gjerningar.* Døde fordi dei er gjorde utan liv — utan Jesu Kristi liv, som me alle veit er det einaste sanne liv og den kjelda som alt sant liv strøymer ut frå.

Her er det ikkje tale om «vonde gjerningar», om «kjøtet sine gjerningar, som er openberre», for kven kan vel tenkja å få liv ved dei! Nei, tvert om ser me at menneske flyr til «*gode gjerningar*» for å letta samvitet frå dei «vonde gjerningane» si tunge bør, og det til tross for at Guds Ande og ord lærer oss at samvitet må reinsast både frå gode og onde gjerningar.

Jesu Kristi blod er det einaste som kan reinsa samvitet!

«Slike som tener Gud åleine med kjøtlege fyresegner, saman med mat og drykk og alle slag tvettingar» og andre menenskeleg ordningar og gjerningar, dei kan aldri bli fulkomne etter samvitet. Nei, er sjela vorten sjuk og samvitet vondt og dømmande, då nyttar

det ikkje med gode forsett og betring, vaska det reint med botsøvingar og andre ting som fornuft og kjensle kan fyreskriva. Det er og blir ei evig sanning, at «ikkje arbeid av vår hand dinne bod oppfylla kan. All vår anger, bøn og sorg i hjaarter aldri sonar synda vår, det kan einast dine sår.»

Kristi blod må til, for det er det einaste som kan reinsa og gjera oss duglege til å tena den levande Gud. ,

Skrifta talar om fleire slag reinsingar frå synda, som me må skilja frå kvarandre, om me skal kunna forstå det og få lys over saka.

For det første talar skrifta om den reinsinga som blei gjort då Jesus bar våre synder på sin lekam opp på krossen, skrev vår syndeskuld på si rekning og let Guds rettferdige dom gå over vår synd og straffa den i sitt kjøt (Rom. 8, 2). «Ved seg sjølv gjorde han reinsing for syndene våre, sette seg ved høgre sida åt Majesteten i det høge» (Hebr. 1, 3). «Han strauk ut skuldbrevet mot oss, som var skrive med bodord, det som vitna i mot oss, og han ruppe det unna med di han nagla det til krossen» (Koloss. 2, 14). «Eg helgar meg for dei, så dei og skal vera helga i sanning» (Johs. 17, 19). Denne reinsinga er fullkommen, så sant Kristus som vår stedfortredar, bar all verda si synd har kome vel frå det han tok på seg.

For det andre er det tale om ei reinsing som går fyre seg i samvitet, når syndaren vaknar opp frå dødens svevn og får auga på Kristus og hans fullkomne utløysing. Samvitet blir reinsa ved trua, og det er sjølvsagt ei frukt av reinsinga i Kristus. «Hjarta dykker blir reinsa ved trua». Det var denne reinsinga Jesus tenkte på då han i avskilstalen til læresveinane sa: «*De er alt reine. for skuld ordet som eg har tala til dykk.*» Du, for ein tale: *Reine på*

grunn av ordet. Her ser me korleis samvitet vårt må bli reinsa ved Kristi ord, som tilseier oss forlating for syndene og kler oss i Kristi rettferdsdrakt. I den gamle tida duppa ein far isoppknippe i blodet og strauk på dørreet for å verna mot mordarengelen, slik er nå Kristi ord og dyre evangelium det isoppknippe som er duppa i Jesu blod det einaste som kan reinsa samvitet og gjera oss reine og heilage i Guds augo. «Kristi blod reinsar samvitet frå døde gjerningar». «De er alt reine for skuld ordet som eg har tala til dykk.» (Johs. 15, 3).

For det tredje talar skrifta om heilaggjeringa si reinsing: «Kvar den, som har denne vona til Han, han reinsar han, så ho skal bera meir frukt» (Johs. 15, 2). Denne reinsinga kan ikkje fyregå i sanning, før samvitet er reinsa i Jesu blod og ved Kristi ord.

Desse reinsingane står i forhold til kvarande som årsak og verknad. Derfor forstår me kor naudsynt det er at me skil dei frå kvarandre, slik at den siste reinsinga kjem som ei fylgje av dei to første.

Om me pløyer og harvar ein åker utan stans og leitar etter frukt, kva hjelp er det i det om me ikkje har satt frø i åkeren som frukta kan veksa fram frå. —

Slik er det også på det åndelege område. Om eg dag og natt arbeider og sveittar under børa av mine synder og prøver alt det menneske har tenkt ut og prøvt for å koma bort frå domen over synda i samvitet, kva hjelper det om eg ikkje har fått auga på offerlammet, stedfortredaren på Golgata som ved seg sjølv reinsa meg frå mine synder. Samvitet blir i sanning aldri reinsa på annan måte enn ved at Kristi blod, «som talar betre enn Abels blod», får tala så lenge til samvitet at

det blir roleg og hjarta finn trøst og kvile ved Kristi forsoning.

Kva var det som kunne makta å reinsa Davids anklaga samvit, når han bad: «Reinsa meg frå synd med isopp, så eg blir rein! Två meg, så eg blir kvitare enn snø.» (Salme 51, 9).

I sanning ikkje noko anna enn det ordet som alt var gått ut frå Guds munn: «Så har og Herren teke bort synda di, du skal ikkje døy». (2. Samuel 12, 13).

Og vidare hjelper det ikkje om eg arbeider og kjempar og ber for å leva heilagt, tek nye beslutningar og gir nye løfter — om ikkje samvitet først er reinsa i Kristi blod. Utan det blir det ikkje eit heilagt sinn og frivillig lydnad mot Gud. Herren vil ikkje ha tenarar som arbeider av tvang, og han forsmår all teneste som ikkje er ei frukt av forlating for syndene og nåden i Kristus. Høyr kva apostelen seier: «Kristi kjærleik tvingar oss, med di me har gjort opp med oss sjølve at ein døydde for alle, derfor har dei alle døydt, og han døydde for alle, så dei som lever, ikkje lenger skal leva for seg sjølve, men for han som døydde og sto opp att for dei.» (2. Kor. 5, 14—15).

Kva er årsaka til den syrgjelege striden som står opp over alt mellom dei kristne, der «Basunen gir klar lyd», der Kristi evangelium kjem til sin rett, og der «ordet om sanninga» blir rett forkynt? Det kjem av den syrgjelege samanblandinga, som held sjelene nede i åndeleg mørke. Mange synest og å vera meir enn vanleg opptekne med å halda læra rein, men likevel skil dei det Gud har bunde saman og bind saman det Gud har skilt. Dei slit sund og set i saman, alt etter som den arme og stolte fornufta finn for godt. Av dette kjem dei mange åndelege trappe-trin-system, der mange har gjort seg

kjende ved djupsinn, å vera rettruande og grundig. Når dette og meir til blir reist opp som himmelstigar for syndrar, så blir det ikkje anna enn nye lekkjer og band for samvitet.

Altså er det *berre ordet om Jesu blod den Heilage Ande* kan nyitta som middel til å reinsa samvitet frå døde gjerningar. Lat oss ta eit biletet for å visa korleis det går til.

En mann har motteke ein rekning på 10 000 pund, og er ulukkeleg og full av sorg fordi han ikkje har noko å betala med. Han tek til å arbeida av alle krefter, og ved det blir han sjuk og kraftlaus, og stoda blir verre enn før. Full av frykt ser han på skulda og reknar over den på ny, men ved det oppdagar han fleire skuldpostar og rekninna veks i staden for å minka. Som han set der ulukkeleg og fortvila, kjem ein rik slektning som i medkjensle med han betalar heile skulda. Kva er det

einaste som kan gjera denne mannen glad og gi han fred? Det er kjennskapet til kva slektningen har gjort for han, og så kvittansen for rekninna. Då blir han glad og roleg.

Bruk så dette biletet på det åndelege. Du har synda mot Gud og står i uborteleg skuld til han. Den Heilage Ande har vekt deg opp og presentert rekninna for samvitet ditt. Men Kristus — din store velgjerar — har betalt ein fullkommen løyspeng ved sitt blod og utsletta skulda. Beviset er det velsignna evangeliet, som forkynner at Gud er forsona, Gud er forlikt, som han sjølv har stadfest ved å reisa Jesus opp frå dei døde. — Dette er det den Heilage Ande forklarar for samvitet. Slik reinsar han samvitet ved Jesu blod. Måtte alle vakte sjeler, som går ulukkelege under samvitet sin dom, tenkja over dette.

Frå «Veien mellom afveiene»

Brura — lammets viv

Av Amund Lid

Mange stader i skrifa blir vårt forhold til Jesus omtala i biletet, som t.d. brur og brudgom, bryllaup og ekteskap. Og dei gamle song mykje om brura og lammet sitt bryllaup som ventar. «Lat oss gleda og fagna oss og gjeva han æra! for bryllaupet åt Lammet er komme, og brura hans har butt seg til.» (Openb. 19, 7).

I min ungdom hadde me ein gammal skikk heime hjå oss. Når det var bryllaup i grenda, kledde konene og borna seg opp i sine beste klær og møtte fram til vegen der brurefylgjet køyrdé framom for å sjå på brura. Når dei møttest, helsa dei ofte ein annan med or-

da: Du er ute for å sjå brura du og så? «Kom, eg skal visa deg brura, vivet åt Lammet», står det i Openb. 21, 9.

Då er skrifa den einaste staden me kan gå til for å få sjå og læra å kjenna brura — Jesu Kristi brur.

Kven har Jesus utvalt til si brur?

I vitnemål høyrer me ofte sagt at eg har valt Jesus. Men Jesus seier at: «De har ikkje valt ut meg, men *eg har valt ut dykk*» (Joh. 15, 16). Det er godt å vita at Jesus har sjølv valt ut si brur.

Når me vel oss ut ei brur, så vil me helst ha ei frå ei god og sterke slekt. Men Jesus valde ut si brur frå ei vond

og därleg slekt. I denne slekta er der mordarar, tjuvar, løgnarar, og dei er kjende for å vera stolte, æresjuke og sjølvgode, utrue og upålitande. Me finn eit bilet av slekta i 2. Timot. 3, 2—5 : «For folk skal då vera sjølvkjære, pengekjære, storordige, stormodige, spottsame, ulydige mot foreldre, utakksame vanheilage, ukjærlege, upålitande, baktalande, umåtlege, umilde, utan kjærleik til det gode, svikfulle, framfuse, ovmodige, slike som elskar lystene sine meir enn Gud som har skin av gndlegdom, men forneittar hans kraft — og dei skal du venda deg i frå». I sanning eit svært bilet av ei slekt. Kunne du tenkja deg ei brur frå ei slekt som såg slik ut i dine og andre sine augo?

Frå ei slik slekt valde Jesus si brur. Og det verste er at brura har også arva alle slekta sine därlege eigenskapar. Ser me på Jesus sin praksis medan han var her på jorda, så stadfester den det me har sagt her. Han valde seg ut ein røvar, ei syndarinna og ein toldar — utskotet i folket. Og Guds ord stadfester det same : «For sjå på dykkar kall, brør : det var ikkje mange vise etter kjøtet som vart kalla, ikkje mange miktige, ikkje mange høgætta. Men det som var därleg i verda, det valde Gud seg ut så han kunne gjera dei vise til skammar, og det som er veikt i verda, det valde Gud seg ut, så han kunne gjera det sterke til skammar, og det som er lågt i verda og vanvyrdt, det valde Gud seg ut, det som ingen ting er, så han kunne gjera det til inkjes som er noko, så ikkje kjøt skal rosa seg for Gud.» (1. Kor. 26—29).

«Hvor underlig er du i alt hva du gjør, hvem kan dine veie forstå? — «Kan du have mig kjær, rett så helsing jeg er, da er du en forunderlig Gud» - syng songarane.

Må me ikkje spørja med songaren :

«Hvordan kunne du elske en sådan brud? Skrifta fortel at Jesus elskar ikkje brura fordi der er så mykje hjå henne som er verd å elskar, men *han elskar for si skuld*. Jesus er slik, at han elskar, kallar og tek seg av dei forkomne, dei ille medfarne, villfarne, utstøytte, veike og hjelpelause. I Luk. 15 ser du Jesu hjartelag i likninga om far til den bortkomne sonen, og slik er han også mot deg i dag, og slik blir han til evig tid.

Trulovinga.

«For eg trulova dykk med ein mann, så eg kunne stilla fram for Kristus ei rein møy». (2. Kor. 11, 2). Er du trulova med Jesus?

Som Abraham sin tenar Elieser blei send ut for å finna ei brur til Isak, slik er Anden send ut for å kalla og føra heim til Jesus brura han har valt seg ut. Har du merka hans kall og overtyding om at Jesus elskar deg og har utvalt deg til si brur? Har du fått tru på hans ord og hans kjærleik til deg, så du har sagt ja og lova han truskap? Men han kunne ikkje koma til Far med ei slik brur, for han krev ei rein og uskuldig møy. Då ho var skuldig 10 000 talentar og dertil hadde ein dødsdom på seg, så måtte han først kjøpa henne fri : «For de veit at de ikkje med forgjengelege ting, sylv eller gull, vart frikjøpte frå dykkar ferd, som de hadde ervt i frå fedrene, men med Kristi dyre blod som blodet av eit ulastande og lytelauast lamb». (1. Pet. 1, 18—19). «Men då tida var fullkoma, sende Gud son sin, fødd av ei kvinne, fødd under lova, så han skulle kjøpa dei frie som var under lova, så me skulle få barneretten» (Galat. 4, 4—5).

Men det var ikkje nok. Han måtte også gjera henne rettferdig, rein, uskyldig, god og elskeleg, så han kunne stil-

la fram for Gud ei rein móy som Gud kunnne ha behag i. «Dykk har han no forlukt, i hans jordiske lekam, for å stilla dykk fram for si ásyn, heilage og ulastande og uklandrande, så framt de vert verande i trua, grunnfeste og trauste, og ikkje let dykk rikka frå den vona evangeliet gjev » — (Koloss. 1 22-23).

Brura i utlendingskapen.

I verda sine augo er ho ein dåre, forakta, rekna for inkje, ei som folk held seg unna, ho er utanfor, innbilsk, sjølvgod, held seg for betre enn andre menneske. For alle rettenkjande, rettskafne og gode menneske er ho ei plaga.

I eigne augo er ho fattig, uverdig, vanmekting, syrjande, hungrande, urein og skuldig. Ho er redd for verda og redd for seg sjølv. Ho syng : «Uverdig er jeg Herre til all din miskunnhet, fortjente ei å være som barn blant dine med — jeg eier kun et hjerte hvis helse håp er du, det brast i savn og smerte kom du mig ei i hu».

I Salomos høgsong syng brura : «Eg er svart, men likevel ven». I seg sjølv er ho svart men i venen, frelsaren og brudgommen sin er ho ven. I han og i trua på han er ho den «fagraste mellom kvinner, ja, som ei lilja mellom klunger, så er min hugnad mellom móyar.»

I brudgomen sine augo er ho : «Stå

opp, min hugnad, du mi fagre — Alt er fagert ved deg, min hugnad, det finst ikkje lyte på deg» (Høgs. 2, 10 oog 4, 1-7). «Ver uredd! Eg har løyst deg ut, kalla deg på namn, du er min — — for du er dyr for meg, er mykje verd, og eg elskar deg». (Esa. 43, 1-4). «Ropa til henne at striden hennar er enda, at skulda hennar er kvitta, at ho har fenge¹ av Herrens hand twifelt for alle sine synder» (Esa. 40, 2). Den som rører ved brura rører ved augnesteinen hans (Sakar. 2, 12)

Brura er også brudgommens sendemann her på jorda : «Men Gud vere takk, som alltid fører oss fram på sigersferd i Kristus Jesus, og ved oss openberrar angen av kunnskapen om han på ein kvar stad. For me er Kristi huglege ange for Gud, mellom dei som vert frelse og mellom dei som vert fortapte, for desse ein ange av død til død, for hine ein ange av liv til liv.» (2. Kor. 2, 14—17)

Brura heime hjå brudgomen.

«De kjære, no er me Guds born, og det er ennå ikkje openberra kva me skal verta. Me veit at når han vert openberra, då skal me verta han like» (1. Joh. 3, 2). «For me veit at om vårt lekams jordiske hus vert nedrive, så har me ein bygnad av Gud, eit hus som ikkje er gjort med hender, æveleg i himmelen.» (2. Kor. 5, 1.) Då får brura Jesu herlegdoms lekam: «Han som skal omskapa vår nedrings lekam, så me vert lik med hans herlegdoms lekam, etter hans kraft til å leggja alle ting under seg». (Filip. 3, 20-21)

Korleis er det med deg som er Kristi brur? Vågar du vedkjenna deg hans namn? Han som utvalde deg, kalla deg og frelse deg, og ikledde deg si rettferd — si bryllaupsdrakt, eller ser du på slavedrakta — det du var og er i deg sjølv?